

*Embetssynet i den lutherske reformasjonen
med særleg vekt på Confessio Augustana 1530**

Kjetil Kringlebotten

Semesteroppgåve i kyrkjehistorisk
epokestudium (KMAT342)

NLA Høgskulen, Bergen, hausten 2010

*Lettare kosmetisk redigert utgåve av semsteroppgåva. Ingenting er endra av innhaldet.

Innhold

| | |
|---|-----------|
| 1 Innleiande merknader | 3 |
| 1.1 Avgrensingar | 3 |
| 1.2 Problemstilling | 4 |
| 2 Spørsmål kring CA | 4 |
| 2.1 CA sin historiske kontekst | 4 |
| 2.2 CA sin teksttype | 5 |
| 2.3 Tolkingstradisjonar omkring CA | 6 |
| 3 Det reformatoriske embetssynet | 7 |
| 3.1 Embetets posisjon i CA og i samtida | 7 |
| 3.2 Biskopen sin posisjon | 9 |
| 3.3 Kallsspørsmålet | 11 |
| 4 Oppsummering og konklusjon | 14 |
| 4.1 Det reformatoriske embetssynet | 14 |
| 4.2 Linjer til dagens debatt | 16 |
| 5 Referansar og forkortingar | 19 |
| 5.1 Forkortingar | 19 |
| 5.2 Referansar | 19 |

1 Innleiande merknader

1.1 Avgrensingar

I denne oppgåva skal eg prøve å gje ei historisk drøfting av embetssynet i den lutherske reformasjonen med særleg vekt på *Confessio Augustana* (CA) frå 1530. Eg har valt å primært halda meg til 1520- og 1530-talet, og til CA av omsyn til tid og lengde. Melanchthon forfatta CA,¹ men den er sjølvsagt skrive inn i ein spesifikk historisk kontekst. Eg konsentrerer meg om CA 5, 7, 14 og 28. CA 5 er skrive på bakgrunn av polemikken mot ‘svermarane’.² Når vi ser denne bakgrunnen for artikkelen vert det enklare å sjå kva som er meint med den, og vi ser at hovudpoenget med artikkelen er *nådemidla*, og ikkje isolert sett embetet eller embetsberarane *per se*.³

CA 7 omhandlar kva som er tilstrekkeleg for kyrkja sin einskap, og er skrive med Den katolske kyrkja som bakgrunn. Den avviser ei forståing av kyrkja som primært organisatorisk.⁴

CA 14 har ikkje noko direkte motstykke i Schwabacher- og Marburgerartiklane, men er hovudsakleg skrive som svar til Johann Eck. «Han [Eck] havde optegnet forkastelsen af ordinationens sakramente ... blandt de lutherske kætterier.»⁵ Dette ville reformatorane ta eit oppgjer med, og difor vart CA 14 skrive.

CA 28 er skrive på bakgrunn av katolske misbruk, og vi ser i CA 28 at reformatorane reagerte sterkt på at forskjellige menneskelege skikkar vart sett fram som *nødvendige til frelse*. Dette er den historiske bakgrunnen, og vi må forstå artikkelen

¹Grane: 1976: 6

²Grane: 1976: 52

³Weider: 1969:11-12

⁴Grane: 1976: 70-71

⁵Grane: 1976: 128

ut frå det.

Eg har i stor grad nytta meg av Leif Grane sin historiske kommentar til CA.⁶

1.2 Problemstilling

Problemstillinga eg skal arbeide ut frå, er denne: *Kva er eigentleg embedet for dei tidlege lutherske reformatorane, og kor nødvendig er det?* Frå det drøftar eg tre punkt: (1) Embedet sin posisjon. (2) Biskopen sin posisjon i luthersk embedssamanheng. (3) Kallsspørsmålet.

Eg har valt desse punkta hovudsakleg fordi ein må arbeide historisk ut frå si eiga tid, med eigne utfordringar. Eg trur at desse spørsmåla har relevans for vår tid, spesielt i forhold til Den norske kyrkja sin teologi og hennar reformer.

Før eg (i del 3) går inn på desse vil eg (i del 2) ta for meg tre generelle historiske (kontekstuelle) spørsmål omkring CA.

2 Spørsmål kring CA

Her vil eg kort sjå på nokre viktige spørsmål og utfordringar ein treff på i møte med CA: (1) Kva situasjon er CA skrive i, og kva innverknad har den på teksten? (2) Kva type tekst er CA? (3) Kva tradisjonar har ein for utlegging av CA?

2.1 CA sin historiske kontekst

CA vart overgjeve keisar Karl V på riksdagen i Augsburg i 1530 av 9 leiarar og råd frå eit utval tyske byar⁷ for å dokumentere lære og praksis i dei lutherske kyrkjedane i byane deira.⁸

⁶Grane: 1976

⁷Sannes: 1996: 34

⁸Sannes: 1996: 34, jf CA 1

CA vart skrive i ein spesifikk historisk kontekst, og må difor forståast ut frå denne. I arbeidet med teksten nytta Melanchthon seg t.d. av Luthers Schwabacher- og Marburgerartiklar, samt av hans *Bekenntnis* frå 1528. Men CA må ikkje berre forståast på denne lutherske bakgrunnen, men også polemisk: mot katolikkane på den eine sida, og mot ‘svermarane’ på den andre.⁹ Dette (lutherske, katolske og ‘svermeriske’) skriftmaterialet, skriv Grane, «udgør dele af den teologihistoriske sammenhæng, hvori CA rettelig bør ses.»¹⁰

Spørsmålet vidare er: Kva innverknad hadde den konkrete situasjonen rundt riksdagen på CA som dokument? «The ones speaking in it are not bishops gathered in an ecclesiastical synod,» skriv Oskar Skarsaune, «but princes and city councils reporting what the churches in their realms teach, believe and do (with regard to church customs).»¹¹ Riksdagen hadde ein konkret innverknad på teksten som i stor grad var ein (kyrkje-)politisk tekst,¹² noko Luther ikkje var heilt fornøgd med.¹³

2.2 CA sin teksttype

Kva type tekst er CA? Eg vil her ta for meg to punkt; CA som *vedkjenning* og som *fellesprosjekt*.

For det fyrste er CA ei *vedkjenning*. Skarsaune meiner at CA må forståast i vedkjenningstradisjonen rundt *Nicenum*, og at CA kan tenkast som ei utlegging av denne.¹⁴ Eg skal ikkje dvele ved det punktet, men berre poengtere at CA må forståast som ei vedkjenning, CA har formelt sett «ikke karakter av fastsettelse av hva

⁹Grane: 1976: 5-7

¹⁰Grane: 1976: 7

¹¹Skarsaune: 2010: 100

¹²Sjå fortalen til CA.

¹³Graybill: 2010: 181, n. 44

¹⁴Skarsaune: 2010

som skal læres,» skriv Sannes. «Det er likevel klart at den måtte fungere normerende innad i de fyrstedømmene og byene som stilte seg bak den... CA's status og funksjon som forpliktende norm ligger i realiteten i dens bekjennelseskarakter.»¹⁵

For det andre må CA forståast som ein *fellestekst*. Sjølv om den var forfatta av Melanchthon var den også tett knytt til Luther,¹⁶ og den var ein slags ‘tilstandsrapport’ frå utvalte lutherske kyrkjelydar. Den måtte famna alle dei lutherske reformatorane, og er difor ikkje utelukkande Melanchthon sitt verk. Då CA etter kvart ‘mista’ sin ‘naturlege kontekst’ (som forsvarsskrift) kom Melanchthon med ein del endringar.¹⁷

2.3 Tolkingstradisjonar omkring CA

Eit tredje viktig spørsmål er kva tolkingstradisjonar ein har kring CA. Eg vil her kort sjå på to slike: (1) den *historiske*; og (2) den *verknadshistoriske*.

1. Historisk. Den historiske tolkinga tek hovudsakleg for seg den umiddelbare tida rundt riksdagen 1530, og spør kva føremålet var med teksten.¹⁸

2. Verknadshistorisk. Her tolker ein CA i lys av verknadshistoria; ein forstår CA som ein del av ein større samanheng. Denne kan utarta seg på forskjellig vis. Ei retning, mellom anna representert ved Leiv Aalen,¹⁹ ser den i lys av konfesjonaliseringssprosessen. Aalen meinte at kyrkja treng vedkjenninga, og at vedkjenninga vert delvis lest med kyrkja som horisont. Ei anna (verknadshistorisk) tolking går ut på å lese CA økumenisk. Det vert hevda at CA «primært er et økumenisk doku-

¹⁵Sannes: 1996: 34.35

¹⁶Grane: 1976: 6

¹⁷Grane: 1976: 6

¹⁸Sjå t.d. Grane: 1976

¹⁹Hegstad: 2010: 202-204

ment og først sekundært et konfessionelt.»²⁰ Ein ser CA i lys av kyrkjetradisjonane; som ein del av ein ‘differensiert konsensus’²¹ — ei delvis semje om læra der ein set fokus på det ‘sentrale,’ men har fridom i det ‘perifere.’ (Spørsmålet må då verta kva som er ‘sentralt’ og ‘perifert.’)²²

Alle desse tolkingane er viktige, og i eit teologisk og kyrkjeleg heilskapssyn må ein nok ta for seg alle. Vi er i ein annan situasjon enn ein var i på 1500-talet, og må då kanskje lese CA litt ‘uhistorisk’: m.a. i lys av vår eiga tid, våre eigne utfordringar, og den utviklinga som har skjedd etter reformasjonen. I denne oppgåva konsentrerer eg meg likevel om den historiske tolkinga, og eg trur denne kan ha relevans for vår tid.

3 Det reformatoriske embetssynet

Problemstillinga eg skal arbeide ut frå, er denne: *Kva er eigentleg embetet for dei lutherske reformatorane, og kor nødvendig er det?* Eg skal frå dette drøfte (historisk) tre sentrale tema: (1) Embetet sin posisjon. (2) Biskopen sin posisjon i luthersk embetssamanhang. (3) Kallsspørsmålet.

3.1 Embetets posisjon i CA og i samtidia

I CA5 les vi:

For at vi skal koma til denne [rettferdiggjerande] trua,²³ er det skipa ei teneste med å læra evangeliet og gje sakamenta. For med Ordet og sakamenta som middel vert Den Heilage Ande gjeven.

²⁰Nørgaard-Højen: 2010: 187

²¹Hegstad: 2010: 206-207, jf. t.d. DNE

²²Sjå også Burgess: 1980 og Thunberg: 2005: 278-408

²³jf. CA 4

Det fyrste eg vil påpeike er at omgrepet ‘teneste’ er omsett frå det latinske *ministerium*. (TT = *Predigtamt*). Dette tyske ordet kan omsetjast med ‘preikeembete,’ noko som (i fylgje Bjarne O. Weider) ikkje tyder forkynninga i snever forstand. *Embetet*, skriv Weider, «omfatter mer en ordets forkynnelse,» og han legg til at (i fylgje Luther²⁴) «bestemmes [innholdet i Predigtamt] ved disse ord: lære, preke og forkynne Guds ord, døpe, konsekrere og forrette nattverden, binde og løse i synder, be for andre, helliggjøre og dømme i alles lærersyn og ånder.»²⁵ Hovudvekta er likevel på *forkynninga av Ordet*.²⁶ Dette fordi fokuset ikkje er på embetsberaren, men på *det han forvaltar*. Det lutherske embetssynet er eit slags *via media* mellom katolsk og ‘svermerisk’ teologi.²⁷

I CA 7 les vi at «til sann einskap i kyrkja er det nok å vera samd om evangelielæra og om forvaltinga av sakramenta,» og dette er (i CA 5) knytt til eit embete (som ikkje må forståast lukka inn i seg sjølv). Embetet er *skipa for kyrkjelyden*; det eksisterar ikkje *for si eiga skuld*. Embetet er ein nødvendig og umissegleg del del av kyrkja²⁸ som «hører med til det som konstituerer kirken, kirkens esse, ikke bare dens bene esse.»²⁹ Kyrkja si *esse* er hennar *vere, vesen* eller *eksistens*. Kyrkja si *bene esse* er hennar *velvere*; det som er til beste for henne, men som ho *kan* overleve utan. Ut frå CA 5 og 7 ser vi at embetet er nødvendig, men Grane påpeiker at CA 5 hovudsakleg omhandlar nådemidla;³⁰ at fokuset er på innhaldet. «Trykket ligger ikke på embetsbæreren,» skriv Weider, «men på embetet, — ikke på personen, men på

²⁴Frå *De instituendis ministris Ecclesiae* (Luther: 1958: 21)

²⁵Weider: 1969: 9-10

²⁶*De instituendis ministris Ecclesiae* (Luther: 1958: 21), jf. Rom 10,17.

²⁷Weider: 1969: 11-27

²⁸Grane: 1976: 130

²⁹Weider: 1969: 11

³⁰Grane: 1976: 51

oppdraget.»³¹

Embetsberarane er sett til å forvalte ord og sakrament, og dette fokuset på det ytre ord (*verbum locale*) har å gjøre med den farlege subjektivismen som, i følge dei lutherske reformatorane, låg i teologien til ‘svermarane’; ein subjektivisme som «ikke alene ville opløse kirken, men som også rummede en fornægtelse af inkarnationen, som de lutherske reformatorer forstod den.»³²

CA 5 er skrive hovudsakleg mot ‘svermarane’, og CA 7 er skrive mot Den katolske kyrkja. Frå katolsk hald sa ein ikkje berre at embetet, men også (det distinkte) *bispeembetet* tilhørde kyrkja si *esse*.³³ Vi må lese artikkelen på bakgrunn av dette. Dette handlar djupast sett om representasjonstanken. I Apol. 7/8 les vi at «sakramenta er verkekraftige sjølv om dei vert forvalta av vonde tenarar, for tenarane handlar i Kristi stad, dei representerar ikkje sin eigen person.»³⁴ Dette må også forståast i polemikken mot Den katolske kyrkja.³⁵ I katolsk tenking var fokuset på embetsberaren og den autoriteten og dei nådegåvane hadde fått del i. I luthersk samanheng var fokuset snarare på *overleveringa*; på nådemidla. Medan fokuset i suksesjonstanken (som eg kjem tilbake til) frå katolsk var på personen, var det frå luthersk hald på innhaldet.

3.2 Biskopen sin posisjon

Synet på biskopen sin posisjon må forståast i forlenginga av det generelle lutherske embetssynet. Det er eit spørsmål om kyrkja si *esse* eller *bene esse*. For reformatorane er det berre *eitt embete*, og CA 28 er skrive med dette som bakgrunn. Artikkelen

³¹Weider: 1969: 11

³²Grane: 1976: 53

³³Apol 14; jf. tradisjonen etter Ignatius av Antiochia (Edmundson: 2000: 153)

³⁴jf. Luk 10,16.

³⁵Weider: 1969: 14-16

var eit motsvar til biskoplege pålegg som vart sett fram som *nødvendige til frelse*. Grane påpeiker at det er sju viktige punkt som må lesast ut av CA 28.³⁶ Eg meiner desse overlappar ein del, og deler difor inn i tre delar.

(1) *Biskopen har ei avgrensa åndeleg makt.* Verdsleg makt og bispemakt må ikkje blandast saman. Artikkelen handlar om kyrkjemakta (LT: *de potestate ecclesiastica*) eller bispemakta (TT: *der Bischofen Gewalt*). Den vert vanlegvis tolka til å omhandle toregimentslæra, noko Oddvar Johan Jensen meiner vert for enkelt.³⁷ Den omhandlar toregimentslæra i den grad denne kan knytast til avgrensinga av kyrkjemakta. Den makta ein biskop har er ikkje ei verdsleg, men ei åndeleg makt. Jensen påpeiker at biskopane si hovudoppgåve er å «verne om kirkens katolisitet idet de verner om troen (CA I-XXI) og avviser vranglæren (CA XXII-XXVIII). Det som sies om biskopenes makt i CA XXVIII må derfor relateres til læreartiklene og om nødvendig utdypes ved det som er skrevet der.»³⁸ Bispe- eller nyklemakta «er ei makt til eller eit påbod frå Gud om å forkynna evangeliet, tilgje og halda att synder og forvalta sakramenta.»³⁹

Kyrkjemakta har liten rekkevidde: Den kan ikkje setja seg imot evangeliet, eller påby føreskifter «som om ei slik dyrking⁴⁰ var naudsynleg til frelse.»⁴¹ Bispejurisdiksjonen handlar om kyrkjetukt: om å forlata synder, forkasta vranglære, og utelukka openberre syndrarar frå kyrkjelyden. Dette, påpeiker Grane, er ei teneste biskopen utelukkande har ved *Ordet*.⁴² Og dersom biskopen tener rett må kyrkjelyden lyda han.

³⁶Grane: 1976: 132-133

³⁷Jensen: 1999: 154

³⁸Jensen: 1999: 154

³⁹jf. CA 28,5f, jf. Joh 20,21-23

⁴⁰LT = *cultus*.

⁴¹CA 15, jf. Grane: 1976: 133

⁴²Grane: 1976: 132; jf. CA 28,20-22

(2) *Biskopen kan innføre gode ordningar.* Biskopen kan innføre ordningar som tener til orden i kyrkja.⁴³ Dette, skriv Grane, «bør menighederne overholde for kærlighedens og fredens skyld.» Kyrkjelyden skal derimot setja seg imot det som strir mot evangeliet, og må då «lyda Gud meir enn menneske.»⁴⁴

(3) *Biskopen sin posisjon er eit gode.* Utført rett, og i tråd med evangeliet, er det embetet biskopen utførar eit gode, men det er ikkje strengt nødvendig.⁴⁵ Preikeembetet er ein del av kyrkja si *esse*,⁴⁶ men treng ikkje vere av *kanonisk* og *episkopal* art.⁴⁷ «Enhver dogmatisering af de ordninger, som reformatorerne skabte i “nød-situacionen”, ville være i strid med CA,» skriv Grane.⁴⁸ Preste- og bispeembetet er eitt, men kan vere delt opp av praktiske årsaker.⁴⁹ Denne tenesteinndelinga høyrer til kyrkja si *bene esse*, men ikkje hennar *esse*Grane skriv:

Luthers angreb på ordinationen som sakramente rokker ikke ved embedet som befalet af Gud og nødvendigt for kirken, men er en følge af den forståelse af embedet, som er bestemt af retfærdiggørelselslæren... Kirken står og falder ikke med bispeembedet; nødvendigt er kun Ordets tjeneste, som også er den rette biskops gerning. Derfor må bispeembedets skæbne afhænge af, om det tjener evangeliet eller ikke.⁵⁰

3.3 Kallsspørsmålet

I lys av dette går vi no over til kallsspørsmålet, med utgangspunkt i CA 14:

⁴³Grane: 1976: 132; jf. CA 28,53-55

⁴⁴CA 28,75, jf. Apg 5,29; Apg 4,19. (Sjå Grane: 1976: 133)

⁴⁵Grane: 1976: 129

⁴⁶Grane: 1976: 130; Weider: 1969: 11

⁴⁷jf. Apol. 14

⁴⁸Grane: 1976: 131

⁴⁹Weider: 1969: 13

⁵⁰Grane: 1976: 130-131,133

Om kyrkjeordninga lærer dei at i kyrkja bør ingen læra offentleg eller forvalta sakamenta utan at han er retteleg kalla (LT: *rite vocatus*).

CA 14 er m.a. skrive som svar til Johann Eck. Men vi må også forstå denne på bakgrunn av polemikken mot ‘svermarane’. For reformatorane var det viktig at embetet ikkje er det same som det ålminnelege prestedømet.⁵¹ Spørsmålet er korleis ein skal tolke *rite vocatus*. I TT står det *ordentlichen Beruf*, «ordentleg kalla» eller «retteleg kalla.» Dette påpeiker Grane, kan vere ei åtvaring mot å forstå *rite*-omgrepet kanonisk.⁵² Spørsmålet er ikkje om embetet er ‘opent for alle,’ men om korleis ein skal forstå *innhaldet* i embetet. Det er viktig å vite kva som var meint med kallsomgrepet i CA si samtid.

Den lutherske teologen Arthur Carl Piepkorn skriv at *rite* (i *rite vocatus*) «implies in the normal terminology of the 16th century a formal ordination as something over and above a mere calling.» Og vidare, at omgrep som ‘kall’ (lat. *vocatio*) og ‘ordinasjon’ (lat. *ordinatio*) «are extensively used in this period to describe the whole process of election and ordination.»⁵³ Den katolske kyrkja godtok CA 14 dersom *rite vocatus* vart brukt om kanonisk ordinasjon.⁵⁴ Melanchthon påpeiker på si side at ein gjerne ville halda på den kyrkjelege og kyrkjerettslege ordninga, men at mange biskopar gjorde dette vanskeleg ved å leggje til menneskebod.⁵⁵

Embetet er fullt ut offentleg,⁵⁶ men forskjellen ligg i innhaldsforståinga. Ralph F. Smith skriv:

The target of Luther’s polemical critique was a sacrificial priesthood

⁵¹Weider: 1969: 21-24

⁵²Grane: 1976: 128

⁵³Piepkorn: 1993: 62. Sitert i: Frahm: 2004: 3

⁵⁴CP 14, jf. Apol. 14,1

⁵⁵Apol. 14,2,5

⁵⁶Frahm: 2004: 6

(*Opferpriestertum*), not an ordination that properly set a person in the office of preaching in relation to a specific community.⁵⁷

Ut frå Apol. 14 (og CA 28) kan vi sjå at dette er skrive på bakgrunn av ordninga i Den katolske kyrkja. Ein polemiserte ikkje mot ordinasjonstanken *per se*, men mot forståinga av presten som offerprest (ty. *Opferpriester*; lat. *sacerdos*). Dette heng organisk saman med det lutherske sakramentssynet, og med det lutherske synet på suksesjonen.

I luthersk samanheng er *kallet* det einaste nødvendige, og ein treng ikkje ha noko episkopal eller kanonisk ordinasjon. Ein biskop må gjerne stå bak kallet, men det er ikkje strengt nødvendig.⁵⁸ Det er også viktig å påpeike at for reformatorane gjer ikkje ordinasjonen noko spesielt med den personen som får den.⁵⁹ Den er ikkje eit sakrament, og gjev ikkje noko ‘umisseg preg’ (*character indelebilis*). Ved kallet får ein difor ikkje del i noko eige ‘stand’, men får ‘berre’ ei *teneste*.

Frå katolsk hald, derimot, haldt ein fram at alle biskopar måtte ha del i den apostoliske suksesjonen. Det tyder at alle biskopar må stå i eit ubrote kjede bakover til apostlane. Apostlane ordinerte biskopar, som igjen ordinerte biskopar, osb. fram til dagens biskopar.⁶⁰ Frå luthersk hald, derimot, er ikkje fokuset på embetsberaren, men på oppdraget. Ein kan kanskje snakke om ein ‘innhaldsmessig suksesjon.’ «Kirkens Herre har ikke grunnlagt kirken på kvaliteten av presteskapet,» skriv Dag Øivind Østereng, «men på det store *depositum* han har betrodd kirken, og dermed også presteskapet.»⁶¹

⁵⁷Smith: 1996: 54. Sitert i: Frahm: 2004: 6

⁵⁸Grane: 1976: 129-130

⁵⁹Grane: 1976: 130-131

⁶⁰Wilhelm: 1907

⁶¹Østereng: 2007, jf. 2Tim 1,13-14; 1Tim 6,20-21

Oppsummerande kan vi seie at for reformatorane er det ytre kallet viktig, men at dette er eit kall frå kyrkjelyden som heilskap. Vidare kan vi kanskje forstå kallet i luthersk samanheng som eit *via media*. Grane påpeiker at *rite vocatus*, etter Melanchthon si tolking i Apol., må forståast slik at «ingen bør utføre det kirkelige embedes funktioner, uden at han offentligt, i hele kirkens (eller menighedens) navn er kaldet til dette embede.»⁶² Dette får fram to viktige poeng: (1) Ingen kan rana til seg embetet. Alle må vera kalla (eller få sitt kall *stadfest*) av nokon andre enn seg sjølv. (2) Kallsretten er ikkje avgrensa til biskopane, men tilhører kyrkjelyden som heilskap.⁶³ Kven som kallar er ikkje så viktig, men det må skje på vegner av kyrkjelyden.⁶⁴

4 Oppsummering og konklusjon

I denne oppgåva har eg arbeidd ut frå denne problemstillinga: *Kva er eigentleg embetet for dei tidlege lutherske reformatorane, og kor nødvendig er det?* Heilt kort vil eg seie at reformatorane hadde eit embetssyn som historisk sett ikkje må forståast isolert ut frå luthersk teologi, men i samanheng med den polemikken dei lutherske reformatorane hadde med katolikkane på den eine sida, og ‘svermarane’ på den andre.

Eg vil her (1) prøve å samanfatte dei kjenneteikna vi kan finne på det tidlege reformatoriske embetssynet; og (2) dra nokre linjer fram mot dagens situasjon.

4.1 Det reformatoriske embetssynet

Eg vil her prøve å oppsummere det reformatoriske embetssynet i fem punkt:

⁶²Grane: 1976: 131

⁶³Sjå Luther: 1980: 205-212

⁶⁴Grane: 1976: 131

(1) *Embetet er nødvendig.* For reformatorane er embedet nødvendig; det er sett inn av Gud, og er ein del av kyrkja si *esse*.

(2) *Biskopen er eit gode, men ikkje strengt nødvendig.* Den makta ein har som biskop er av rein åndeleg art, og skal ikkje blandast saman med sekulær makt. For reformatorane er embedet der primært *for kyrkja*,⁶⁵ og ein definerer det som «ei makt til eller eit påbod frå Gud om å forkynna evangeliet, tilgje og halda att synder og forvalta sakramenta.»⁶⁶ Vidare ser vi at for Melachthon⁶⁷ er ikkje biskopen sin posisjon strengt nødvendig, men vert forstått ut frå preikeembetet som alle retteleg kalla (både rette prestar og biskopar) har del i.

(3) *Preikeembetet må ikkje forståast reduksjonistisk*, og må difor ikkje reduse-rast til ‘andaktsliv’ i snever forstand, men må forståast i sin fullnad som ei «teneste med å læra evangeliet og gje sakramenta.»

(4) *Fokuset er på depositumet, ikkje embetsberarane.* Embetet er nødvendig, og ein del av Guds påbod. Men embedet er der for kyrkja si, og ikkje si eiga, skuld. Dette punktet er kanskje det viktigaste i det reformatoriske embetssynet. Alt som vi føretok oss *som kyrkje* må vere konkret knytt til ord og sakrament, fordi noko anna ville bety at vi vert frelse (= får del i Anden) ved «eigne førebuingar og gjerningar.» Dette heng organisk saman med at embedet ikkje primært er menneskeskapt, men er ei ordning skipa av Herren for «[for] at vi skal koma til [den rettferdigjerrande] trua.» Embetet er her knytt konkret opp til rettferdiggierunga,⁶⁸ og CA 5 handlar difor om nådemidla meir enn om embete.⁶⁹ Fokuset ligg primært på det embetsberarane skal forvalte, og ikkje på embetsberarane i seg sjølv. «Kirkens Herre har ikke grunnlagt kirken på kvaliteten av presteskapet,» skriv Dag Øivind Østereng, «men

⁶⁵jf. CA 5

⁶⁶jf. CA 28,5f

⁶⁷jf. CA 14

⁶⁸jf. CA 4

⁶⁹Grane: 1976: 51

på det store *depositum* han har betrodd kirken, og dermed også presteskapet.»⁷⁰

(5) *Embetet fordrar eit ytre kall.* Embetet er ikkje noko ein berre kan ta til seg. Det er noko ein skal vera kalla til; noko som ikkje berre inneber ein ‘indre driv’ men også eit konkret, *ytre kall* og ei innsetjing til teneste. Dette treng ikkje nødvendigvis vere knytt til episkopal eller kanonisk ordinasjon, men er knytt til kyrkjelyden sin kallsrett.⁷¹

4.2 Linjer til dagens debatt

Sidan eg ikkje kan sjå på alt vil eg her konsentrere meg om arbeidet i den norske økumeniske rørsla *Kyrkjeleg fornying* (KF).⁷² Dei hevdar:

Vi tror at det hellige embete er innstiftet av Gud i Kristus og er en nødvendig, frelsesformidlende tjeneste med Guds ord og sakramentene under utøvelse av binde- og løsemakten. Til dette embete innvies menn ved bønn og håndspåleggelse av biskoper i apostolisk suksesjon. Ut fra embetets kristologiske og pneumatologiske opprinnelse er det en og samme tjeneste til Kirkens oppbyggelse, men helt fra kirkens første tid fremstår dette ene embete som tredelt med biskoper, prester og diakoner.⁷³

Her ser vi at ein held fast på at det er eitt og same embete, samstundes som ein (1) seier at det bør vere delt inn i tre med biskop, prest, diakon, og (2) seier at biskopane skal vere ordinert i apostolisk suksesjon. Som eg har vist oppfor er det fyrste, om det ikkje vert forstått dogmatisk, heilt i tråd med ei luthersk embetsforståing.

⁷⁰Østereng: 2007

⁷¹Grane: 1976: 129-130, jf. Luther: 1980: 205-212

⁷²Sjå <http://www.kirkelegfornyelse.org/>.

⁷³KFE § 4

Det andre punktet er nok litt meir problematisk, og vert nok heller sett på som eit adiaforon frå ein luthersk ståstad. Men no er KF ein økumenisk, og ikkje lenger distinkt luthersk organisasjon. Eg trur likevel at ei slik tolking kan forsvarast, om ikkje direkte som ei historisk tolking av CA, så kanskje ekklesiologisk eller kyrkehistorisk.

Ein viktig figurant innan KF er Dag Øivind Østereng, ein av dei leiande teologane og prestane i den høgkyrkjelege delen av Den norske kyrkja. Han sa (i eit foredrag om ekklesiologi⁷⁴) at han personleg meiner «at bispeembetet hører med til kirkens *esse* og hører hjemme under *jus divinum*.»⁷⁵ Han meiner at CA 7 ikkje må brukast reduksjonistisk, som ei legitimering av ('uprovoserte') brot med kyrkjeordninga. «Der sakramentene blir *forvaltet rett* må det jo være i troskap mot en helhetlig ekklesiologi og kirkelig orden.» Han er også klar på at han Eit hovudpunkt for han er at eit «*funktjonalistisk embetssyn* og en *kongregasjonalistisk kirkeforståelse* finner ikke noe direkte støtte i CA VII, og blir derfor et misbruk av denne artikkelen når den trekkes i den retningen, slik det ofte gjøres.»

Denne tolkinga av CA 7 trur eg ikkje kan forsvarast frå eit historisk tolkingsperspektiv. Fokuset ligg på uttrykket *jus divinum*, 'guddomleg rett.' CA 7 omhandlar det som er tilstrekkeleg for kyrkja sin sanne einskap; at ein er «samd om evangelielæra og om forvaltinga av sakamenta.» Sett på bakgrunn av CA som heilskap vert det vanskeleg å hevda at denne einskapen nødvendigvis må ha sitt grunnlag i (ei kanonisk forståing av) bispeembetet.⁷⁶

Ei historisk tolking av CA må konkludere med at KF si stadfesting og Østereng sin argumentasjon ikkje kan forsvarast direkte, fordi bispeembetet tilhøyrer *jus humanum*, og ikkje *jus divinum*. Men som eg sa innleiingsvis er det slik at vi i våre

⁷⁴Østereng: 2007

⁷⁵Østereng: 2007, n. 20

⁷⁶For eit anna syn på CA 7, sjå Bygstad: 2005.

dagar ofte må tolke gamle skrifter på ein litt ‘uhistorisk’ måte. Eg har valt KF (og Østereng) som representant fordi eg trur denne står i ein tradisjon som prøver å famne både den konfesjonelle og den økumeniske tolkingstradisjonen av CA. Som Leiv Aalen tolker ein CA i lys av kyrkja si lære, og det prøver KF å gjere, men med eit meir økumenisk fokus; i lys av det som ofte vert kalla for *den udelte kyrkja si tru*.⁷⁷

Ein viktig person, som Østereng nemner så vidt, er kyrkjefaderen Ignatius av Antiochia. Kyrkjefaderen poengterte (i IgnSmyr 8,2a) at der «biskopen visar seg, må kyrkjelyden vera, liksom den katolske kyrkja er der som Kristus Jesus er.»⁷⁸ George Edmundson skriv at for Ignatius er bispeembetet «of the very *esse* and not merely of the *bene esse* of the Church.» For Ignatius er ei kyrkje utan tredelinga biskop, presbyter og diakon «no Church deserving of the name.»⁷⁹

Ei slik tolking kan kanskje forsvarast på ekklesiologisk eller kyrkjehistorisk grunnlag, men eg trur ikkje ein kan dra den direkte ut av CA. Ein må difor vere ærleg å seie at sjølv om CA er viktig, tolker ein den i lys av kyrkja si lære som heilskap; som ein del av kyrkja si arv. Østereng tek konsekvensen av dette, og seier at «[vi] bærer med [oss] en evangelisk-luthersk arv, men [vi] vet at Kirken verken er luthersk eller norsk, men at Jesu Kristi kirke i bunnen er apostolisk og katolsk.»

⁷⁷Sjå t.d. Halldorf: 2007.

⁷⁸Baasland & Hvalvik: 1997: 67. Omsett til nynorsk.

⁷⁹Edmundson: 2000: 153

5 Referansar og forkortinger

5.1 Forkortinger

Apol.: Apologien til CA

CA: *Confessio Augustana*

CP: *Confutatio Pontificia*, den romerske konfutasjonen av CA

Dne: *Dåp, nattverd og embete* (limadokumentet)

KF: *Kyrkjeleg fornying*, ei norsk økumenisk rørsle

KFE: *Erklæring om Kirkelig Fornyelse*, KF sitt grunndokument

LT: Den latinske teksten til CA

TT: Den tyske teksten til CA

5.2 Referansar

Baasland, E. & Hvalvik, R. (red.) (1997). *De apostoliske fedre*. I norsk oversettelse med innledninger og noter. Oslo: Luther

Die Bekenntnisschriften der evangelisch-lutherischen Kirche. Herausgegeben im Gedenkjahr der Augsburgischen Konfession 1930. 5., durchgesehene Auflage. Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht 1963

Brunvoll, A. (1979). *Vedkjenningskriftene åt Den norske kyrkja*. Ny omsetjing med innleiingar og notar. Oslo: Lunde

Burgess, J.A. (red.) (1980). *The role of the Augsburg Confession: Catholic and Lutheran views*. Philadelphia, PA: Fortress Press

Bygstad, J. (2005). «Satis est i CA7.» Foredrag under NELK-konferansen i Märsta
11. – 13. mars 2005. <http://bit.ly/fthHj7> [Henta: 03.11.2010]

Confutatio Pontificia. Konfutasjonen av *Confessio Augustana* frå 1530. Project
Gutenberg Etext #851, 1997. Kindle-utgåve.
<http://bit.ly/bpiPnZ> [Henta: 27.10.2010]

Dåp, nattverd og embete. Kommisjonen for tro og kirkeordnings dokument nr.
111. Kirkenes Verdensråd, Genève 1982. Oversatt av Anne Berger Jørgensen.
Oslo: Verbum 1983

Edmundson, G. (2000). *The Church in Rome in the First Century*. Grand Rapids,
MI: Christian Classics Ethereal Library. <http://bit.ly/ba9Yo3> [Pdf-fil, henta:
27.10.2010]

Erklæring om Kirkelig Fornyelse av 9. januar 1998, 8. januar 1999, 7. januar 2000.
<http://bit.ly/cVDPjb> [Henta: 27.10.2010]

Frahm, J.A. III (2004). «The Church, Pastors, and a Confessional Lutheran Minis-
terium.» Avlevert ved Peoria, Illinois, 26.10.2004. <http://bit.ly/bfcrAC> [Pdf-
fil, henta: 27.09.2010]

Grane, L. (1976). *Confessio Augustana*. Oversættelse med noter. Indførelse i den
lutherske reformations hovedtanker. København: Gyldendal

Graybill, G. (2010). *Evangelical Free Will: Phillip Melanchthon's Doctrinal Journey
on the Origins of Faith*. Oxford Theological Monographs. Oxford University
Press (USA)

Halldorf, P. (2007). «Landskapet bak blindgatene.» *Strek* 2/2007, s. 42-51

- Hegstad, H. (2010). «Fra konfesjonalisme til differensiert konsensus: Refleksjoner om luthersk teologi i en økumenisk kontekst» i: Austad, T., Engelsviken, T. & Østnor, L., *Kirkens bekjennelse i historisk og aktuelt perspektiv: Festskrift til Kjell Olav Sannes*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, s. 199-209
- Jensen, O.J. (1999). «Bruk av CA XXVIII med henblikk på den aktuelle kirkelige situasjon i Norge. Til spørsmålet om homoseksualitet og tilsynsfrasigelse.» Sakkyndig vedlegg til Prost Asle Dingstads saksfremstiling for Lærenemda mars 1999. *Luthersk kirketidende* 134, s. 153-158
- Luther, M. (1958). «Concerning the Ministry (1523).» Translated by Conrad Bergendoff. I: Bergendoff, C. & Lehmann, H.T., *Luther's Works, vol 40: Church and Ministry II*. Philadelphia, PA: Fortress Press, s. 3-44
- Luther, M. (1980). «Et skrift om menighetens rett til å bedømme lærespørsmål og kalte presten (1523)» i: Lønning, I. & Rasmussen, T, *Martin Luther: Verker i utvalg. Bind III*. Oslo: Gyldendal, s. 204-212
- Mæland, J.O. (red.) (1985). Konkordieboken. *Den evangelisk-lutherske kirkes bekjennelsesskrifter*. Oslo: Lunde
- Nørgaard-Højen, P. (2010). «Confessio Augustana — Lutherdommens økumeniske partikularbekendelse» i: Austad, T., Engelsviken, T. & Østnor, L., *Kirkens bekjennelse i historisk og aktuelt perspektiv: Festskrift til Kjell Olav Sannes*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, s. 187-197
- Oftestad, B.T. (2001). *Tro og politikk: En reformasjonshistorie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Piepkorn, A.C. (1993). «The Sacred Ministry and Holy Ordination in the Symbolical Books of the Lutheran Church.» i: Plekon, M.P. & Wiecher, W.S., *The*

Church: Selected Writings of Arthur Carl Piepkorn. Delhi, NY: American Lutheran Publicity Bureau Books

Sannes, K.O. (1996). *Å tolke Den augsburgske bekjennelse: Forståelse og prinsipper for tolkning av Confessio Augustana i Danmark og Norge 1530-1980.* Doktorgradsavhandling. Oslo: Det teologiske menighetsfakultet

Skarsaune, O. (2010). «The Literary Genre of the Augsburg Confession» i: Austad, T., Engelsviken, T. & Østnor, L., *Kirkens bekjennelse i historisk og aktuelt perspektiv: Festschrift til Kjell Olav Sannes.* Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, s. 99-109

Smith, R.F. (1996). *Luther, Ministry, and Ordination Rites in the Early Reformation Church.* Renaissance and Baroque: Studies and Texts 15. New York: Peter Lang Publishing

Thunberg, L. (2005). *Äkta kristendom? Från fornkyrkan till vår tid.* Stockholm: Artos

Weider, B.O. (1969). *Kallet og tjenesten: Pastoralteologiske prinsippespørsmål.* Oslo: Lutherstiftelsen

Wilhelm, J. (1907). «Apostolic Succession» i: *The Catholic Encyclopedia.* Transcribed for New Advent by Donald J. Boon. New York: Robert Appleton Company. <http://bit.ly/ayTzlC> [Henta: 27.10.2010]

Østereng, D.Ø. (2007). «Kirkelig fellesskap – med hvem – om hva?» Foredrag til innledning ved seminar på Fjellhaug skoler 14. februar 2007.
<http://bit.ly/qgqUmS> [Henta: 27.09.2010]